

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 80

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Folkemedisin.

Bygdelag:

Oppskr. av: Jörgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeså

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

## Husråd - kjerringråd.

1. Folk var kanskje meir hardføre mot sjukdom før. Levevilkåra var harde og dødsfall i ung alder, serleg mellom born, var svært stort. Så det var dei sterkaste som vart gamle.

2. Folk stod heilt rådlause mot smittesjukdomar. I eit hus på Espeland var det tæringsmitte og fleire døydde av tæring. Men så kjøpte mannen ein omn som rauk så fælt. Han bruka han ein vinter og røyken trekte inn i veggene. Og då stansa sjukdomen. Det vart fødde nye born i huset, men ingen av dei fekk tæring. - Alt i 1840 vaksinerte dei mot koppe. Det var ein mann på Ivesdal som gjorde det.

3. Somme hadde ymse ting liggjande som kunne nyttast som legeråd: Brennevin, reinfanblomar, hyllebær, lækjeblokker, merg, og i naud fekk andre låna dette. Men de Fine i Stavanger skriv i 1745: "Medicin og urter bruge bønderne ej meget."

13. Kring 1860 förde Omund M. Adsem dagbok, som ei minnebok og der skriv han: "Raad for Fruentemernes Standsæde Maanedes Tider eller Menstruation. Borax er

2

et herlig Midel." Elles nemner han ymse urter, men skrifter er så utviske at ho er uleseleg. Til slutt nemner han "Quægsölv Blandet med Svaavelblom Bregneröder."

15. Vi har eit ordtöke: Folk begynner å bli gamle når dei hev augene i lumma og almanakka i ryggen. (Dei må bera på briller og kjenner det vert uver for gikta riv i ryggen.) - Vi kjenner til at folk gjekk med ring for at dei ikkje skulle verta sjuke, men det er ingen no som kan minnst det. Det hjelpte og å gå med ein Voltakors, ein kross av stål med magnet i.

Brennevin var godt mot krimsjuka, bronkit, lungebetennelse og influensa.

Hadde dei vondt i augo hjelpte det å gå med öyeringar.

Fekk dei vondt i halsen, sveipte dei ein skiten sokk omkring han. Men sokken måtte plent vera skiten.

Folk var mykje plaga av gikt, ~~hok~~ bloverk kalla dei det i den tida. Då gjekk dei med katteskinn eller skiten ru (vinterull) om rygg og hofte. Elles var årelating og kopping vanleg bruka mot gikt, ryggverk og andre sjukdomar. Dei trudde gikt var sjukt blod som stod fast i blodårane. Når dei årelet bruka dei ei lita öks dei slo oppå når dei opna ei blodår. Andre hadde ei med ei lita smikka med springfjör, smikka hogg hol på blodåra. Denne kalla dei bill. Dei tappa av omlag ein kopp med blod. Stundom var blodet så mørkt. Der hev me det sjuke blodet," sa dei. På På Skjæveland budde ei åndsvak jente, henne årelet dei kvært år straks före hundedagane. Dei tykte at ho vart rolegare etter på. Når dei koppa, stakk dei mange små holer i skinnet på den sjuke plassen. Så

sette dei eit stuthorn med hol i toppen nedpå skinnet og saug i den smale enden, og så tetta dei til i holet oppe med ei tøyfille. Såleis vart lufta i hornet uttynna. Så let dei hornet stå og suga ut det sjuke blodet. Vart dei koppa mange gonger, vart det som vane, så dei måtte koppast att, elles vart dei sjuke.

Somme batt ~~å~~ ålskinn om foten nedanfor kneet, det hjelpte mot senatrekk (krampe).

Fekk dei tannverk, røykte dei og let røyken ströyma ned i holet i tanna, dei putta salt eller salt smör, eller tobak i holet eller tetta det til med bik. Somme reiste til Egersund og let seg igla av ei "iglekona". Ho stte iglen på det sjuke tannkjötet og let han suga ut det sjuke blodet. Når ingen ting hjelpte, måtte dei gå til ein som trekte tenner på folk. Det var gjerne ein nevenyttig (flink) mann i bygda.

~~Små~~ Born var så utsette for å få så ilherjeleg vondt i öyro. Då slo mor litt varmt bråna smör inn i öyra.

Når dei vart háse, hjelpte det å drikke glodheit kaffi.

Fekk dei kaun eller vond svull, la dei fersk, varn kuhevd på svullen og röyrde tøy om. Så åt hevda hol på svullen og trekte ut styggedomen, grynsåpe var au godt.

Skar dei seg i handa, let dei vatnet sitt på opne såret. Det svidde fælt etterpå, men det grodde fort. Elles la dei lægjoblokker på såret. I seinare tid slo dei nafta i såret så det ikkje skulle verta svull eller blodforgift.

Når den blåe stripa synte seg oppetter armen, skjöna dei at dei hadde blodforgift. Då la dei på sur mjölk

4  
på armen og batt på noko tøy som var vått av sur mjölk.

Brende dei seg, ~~hadde dei~~ smurde dei brannsåret med beinmerg frå hest. Elles var det godt å ha på eplemjöl (potetmjöl).

Braut dei av ein fot, fekk dei ein flink mann i bygda til å spjelka foten. Han la trestavar langs foten og never i kring han og batt så dette godt fast med snöre. Men ofte var foten skeiv etter på.

Når dei fekk kniperid i magen eller hadde småmakk, drakk dei vatn som det var kocht reinfanblomar i eller to-tre dropar nafta i litt vatn. Lök dreiv au ut småmakk. Når dei fekk læust liv, skulle dei drikka kocht vatn.

Blödde dei naseblod, stansa blodet når dei hadde kaldt vatn på panna.

Når ein svelgde rangt og ville kvælast, slo dei han kraftig i ryggen. (Meir til slutt)

Ville dei ha bort ei vorte, skulle dei knega på henne med ein fleskesvor, og etter på göyma svoren så godt at ingen kunne finna han. Dette siste smakar av ovtru.

#### Bygdedoktorar.

Vi kjenner ikkje noko til bygdedoktorar. Det har lenge vore doktorar i byane, dei måtte kjöra kring bygdene når noko alvorleg stod före. Men mange folk hadde ikkje råd å ha doktor. Dei let heller ein fot gro skeivt til att enn å sökja legenhjelp. Aldri hadde dei doktor når dei var gamle og visste at tida var komen. Då var det heller presten dei ville treffa. deFine skriv om smittesjukdom som herja i 1740-41: "Men til denne fær-

5.

lige sygdom at kurere har hans kongelige majestets aller  
naadigst beskikket en provicialmedicus, der og har haft  
mange under kur--" Men som sagt, folk søkte lite doktor,  
dei prøvde hjelpa kvarandre som best dei kunne.

-----

Framhald frå avsnitt 15:

Kokheit mjölk med litt kamferdropar i hjelpte godt  
~~for~~ for hosts.

Når ein hiksta (hikke), skulle ein seie noko til han  
så han vart redd, då stansø hikstinga med ein gong.

Avskrift for nr. 80. Folkemedisin. *fra nr. 79*

Her kjenner vi ingen ting til folk på bygda som gav  
seg ut for doktor, å vera betre enn andre. Men sume var  
så flinke at dei hjelpte andre i nauda.

Jørgen Skjæveland.